



**Saksframlegg**

**Sporten Fyresdal - støtte til opprusting av kjøkken**

| Utval         | Utvalssak | Møtedato |
|---------------|-----------|----------|
| Formannskapet |           |          |

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet**

**Dokument i saka:**

**Vedlegg**

- 1 Søknad til Fyresdal Kommune opprusting av kjøkkenet.docx
- 2 Søknad til Næringsfondet - opprusting av kjøkken

**Bakgrunn for saka:**

Sporten Fyresdal AS driv, i tillegg til sportsbutikk, Kafe Hvelvet i sentrum i Fyresdal. Dette er ein unik og populær plass der ein kan få seg kaffe og kake, eller anna servering. Kafe Hvelvet har i tillegg også servering av mat som eksempelvis suppe, spekefjøl og andre varmrettar. Det er god kvalitet og godt handverk i det som blir servert på Kafe Hvelvet.

Sommaren 2023, då Tretoppvegen opna, fekk dei ein veldig auke i etterspørselen etter mat og drikke i forbindelse med kraftig auke i tilreisande til bygda. Det var rett og slett ikkje nok kapasitet på kjøkken eller bemanning til å møte etterspurnaden. Kjøkkenet dei hadde i 2023 var lite og ikkje egna for så stor omsetning som dei opplevde i 2023.

Prognoser presentert av Visit Telemark viste at ein minst kunne vente seg same tilfang av turistar. Sporten Fyresdal og Kafe Hvelvet gjorde derfor utbetringar på kjøkkenet for å imøtekomme neste års (2024) venta turisttilfang og samtidig møte krav frå Mattilsynet på ein god måte. Utvidinga av kjøkkenet har skjedd ved at ein har minska arealet på sportsdelen og dermed dobla arealet på kjøkkenet.

Det er i tillegg gjort utbetringar på toalett fasilitetane då ein såg at det var for lite kapasitet generelt i bygda. Dette førte til at Sporten Fyresdal fekk mange innom som berre skulle på do.

Kostnadane i forbindelse med oppgradering av kjøkkenet er lista opp nedanfor.

|                                              |         |
|----------------------------------------------|---------|
| Ny stor omn og stor ventilator               | 34 000  |
| Nytt golv- høytrykkslaminat 25 m2            | 8 200   |
| Ny stålbenk til reinsona                     | 4 100   |
| Div materialar i kjøkken, belegg, panel m.m. | 5 800   |
| Ny arbeidsbenk på kjøkkenet/ matr.           | 33 500  |
| Rørleggerarbeid                              | 10 000  |
| Snekkerarbeid 42 t a 480,-                   | 20 160  |
| Eigeninnsats 40 t a kr. 350,-                | 14 000  |
| Belysning i nytt kjøkken.                    | 5 000   |
| Sum                                          | 134 760 |

Sporten Fyresdal og Kafe Hvelvet har tidlegare motteke støtte frå Næringsfondet. I 2024 fekk dei tilskot til investering i matvogn på kroner 51 000. Denne støtta har dei foreløpig ikkje henta ut og enda ikkje investert i matvogn.

I april 2023 fekk Sporten Fyresdal støtte til ulike investeringar på 40 000 kroner. Støtta vart innvilga fordi Kafe Hvelvet ville vere eit svært viktig tilbod i forbindelse med reisemålssatsinga til Fyresdal samt opning av Tretoppvegen.

Sporten Fyresdal har også motteke 30 000 kroner i rådgjeingsstøtte frå omstillingsprogrammet.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv der kommunen skal legge til rette for vidareutvikling av Fyresdal som reisemål og blant anna stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar.*

Sporten Fyresdal og Kafé Hvelvet har gjennom fleire år vist god vekst og bygd opp stein for stein. Dette er utan tvil ein viktig plass både med tanke på lokalisering og kvaliteten på det som blir tilbydd. For fastbuande og for studentar som er heime på ferie er dette ein viktig møteplass. Sporten Fyresdal og Kafé Hvelvet har også blitt ein viktig tilbydar av sesongarbeidsplassar for ungdom, i tillegg til auke i tilsettinga av fast tilsette.

Investeringa i oppgradering av kjøkkenet fell godt til tiltaksplanar i både Turist 2024 og Turist 2025 som kommunen har sett i gang. Tilbodet hos Sporten Fyresdal og Kafe Hvelvet svarer godt opp mot å auke serveringskapasiteten og verdiskaping rundt Hamaren og Tretoppvegen. I tillegg er det ein viktig møteplass for fastbuande i Fyresdal og dei yngre som kjem heim på besøk i helger og feriar.

Ser ein til tidlegare praksis er løyvingar frå Næringsfondet til såkalla lausøyre, som kan vere lett omsettelege, ikkje tildelt. Oppgraderinga av kjøkkenet inneheld både noko lausøyre som er lett omsetteleg og andre kostnader som ikkje kan omsettast. Ein vel å vekte dette som eit mindre viktig argument då Kafe Hvelvet er ein viktig plass som bidreg til auka bulyst og bidreg til å auke attraktiviteten for besøkande i Fyresdal. Ein kan heller legge til eit særvilkår at dersom Sporten Fyresdal legg ned Kafe Hvelvet i løpet av 3 år så kan ein vurdere å trekke tilbake tilskotet.

Vidare må ein også sjå til korleis tilbodet er frå andre aktørar i same næring ser ut, slik at ein ikkje praktiserer konkurransevridande løyvingar. Slik konkurranse situasjonen er no i serveringstilbodet er dette eit komplementært og unikt tilbod som er med på å bygge gjere reiseopplevinga i Fyresdal unik. I tillegg er det slik at det i høgsesongen (mai-august) er eit stort behov for matservering i Fyresdal. Som reisemål kan vi framleis hente ut meir verdiskaping frå kvar besøkande. Ein ser derfor ikkje at det er konkurransevridande å støtte eit slikt initiativ.

Ser vi til støtteandelen som Åsberg Gard fekk i saka var på cirka 10%. I denne saka vel vi å legge oss på ein høgare støtteprosent fordi Sporten Fyresdal / Kafe Hvelvet ikkje kan søke støtte innan verkemiddelapparatet til Landbruk som Åsberg Gard har tilgang til.

**Konklusjon:**

Søknaden fell godt innafor både kommunal strategi og bygger godt opp om satsing på Fyresdal som eit godt reisemål og ein god plass å bu. Ein ynskjer derfor å stø Sporten Fyresdal og Kafé Hvelvet med 30% av investeringsbehovet, tilsvarande kroner 40 428.

Dersom Kafé Hvelvet endrar tilbodet vesentleg i løpet av dei 3 neste åra kan kommunen vurdere å trekke tilbake tilskotet.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune løyver kroner 40 428 i tilskot til Sporten Fyresdal for oppgradering av kjøkkenet. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond med saldo 722 000 pr 30 mars.

|                 |              |
|-----------------|--------------|
| Ulf Pedersen    |              |
| Kommunedirektør | Gerd Straume |
|                 | næringssjef  |